



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Kontrollutvalet

**Møtedato:** 25.09.2018

---

**Sak nr.:** 18/55-16  
**Internt l.nr.:** 44679/18

**Sak:** 44/18

**Tittel:** **Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 25. september 2018**

**Behandling:**

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte
  - a. FR HMT og inkluderande arbeidsliv (18/2557)

*Deloitte orienterte om status for prosjektet. Prosjektet er i rute til å bli ferdig til 14. desember slik det står i prosjektplanen.*

- b. FR Utdanning og yrkesrådgjeving (17/7179)

*Status for prosjektet er at dette vil bli ferdig til handsaming i kontrollutvalet 20. november 2018.*

- c. Desisjon av møtebøkene 2017

*Rapporten er ennå ikkje sendt til høyring. Revisor lover rapporten ferdig med høyringsuttale oversendt i god tid før handsaming i kontrollutvalet 20. november.*

*Kontrollutvalet tok orienteringane til vitande.*

2. Orientering om tilpassing til ny personvernlov, ref. vedtak i KU-sak 13/18, 3. april v/fylkesrådmannen (Notat motteke 12. sept. er vedlagt)

*Assisterande fylkesrådmann orienterte om status for arbeidet som vert gjort i samband med tilpassing til ny personvernlov. Utvalet hadde også på førehand motteke eit notat med status, som vart brukt som underlag for orienteringa. Utvalet tok orienteringa til vitande.*

3. Kva er gjort/vil bli gjort i høve forbetningsområda som kjem fram i revisorbrev 5-2018, ref. sak 20/18, 22. mai, orientering v/fylkesrådmannen.

*Løn- og rekneskapsjef orienterte om tiltak i høve forbetningsområda i revisorbrev 5-2018. Ein vil mellom anna opprette ein VPS-konto slik at ein får dokumentert ekstern stadfesting slik det er peika på i revisorbrevet.*

*Etiske retningslinjer vil kome på plass i årsrapporten for 2018.*

*Revisor hadde ikkje kommentarar til orienteringa. Kontrollutvalet tok orienteringar til vitande.*

4. Kvalitetssikring av rekneskapan for fylkesvegar, orientering v/fylkesrådmannen.

*Representantane frå fylkesrådmannen orientert om rutinar rundt fakturahandsaming og rekneskapsoppfølging av fylkesvegar. Rutinar og prosesser for oppfølging har betra seg dei siste åra. Fylkeskommunen får betre grunnlag frå Statens vegvesen no enn det som var tilfelle tidlegare. Dette gjer at ein mellom anna har betre kontroll på momskompensasjonsordninga i samband med dette arbeidet.*

*Revisor er fornøgd med oppfølginga. Kontrollutvalet tok orienteringa til vitande.*

5. Representantskapsmøte – Trivselshagen IKS

*Det er representasjonsmøte i Trivselshagen 28. september. Kontrollutvalet stiller ikkje på dette møtet, men kontrollsjef vert bedt om å skaffe til veie protokollen etter møtet. Utvalet ba også kontrollsjef om å kalle inn Bygg- og eigedomssjef til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om reklamasjonssaka vedr. bassenget.*

6. Medlemsnytt frå Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

*Informasjonen vart teken til orientering.*

7. Orientering frå leiar og kontrollsjef

- a. Status i arbeidet med val av leiar for KU-sekretariat for Vestland fk

*Kontrollsjefen gjekk frå møtet under handsaming av dette pkt. Status for arbeidet vart drøfta i utvalet.*

- b. Fellesnemnda sitt vedtak i sak om val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune

*Som følge av vedtaket i fellesnemnda 21. september i sak 34/18 ber kontrollutvalet kontrollsjefen om å, i lag med sekretariatet i Hordaland fylkeskommune, legge fram ein plan for anbudsprosess vedr. val av revisor for den nye fylkeskommunen.*

- c. Fagsamling 8. – 10. januar 2019 for dei fylkeskommunale kontrollutvala på Vestlandet

*Kontrollutvalet diskuterte tema for fagsamlinga frå vårt utval. Leiar i utvalet fekk fullmakt til å avgjere dette.*